

Årsmelding for Bø Orienteringslag året 2017

Styret for Bø o-lag har i 2017 sett slik ut:

Leiar:	Steinar Lande	(På valg)
Sekretær:	Tone Nilsen	(ikkje på valg)
Kasserar:	Jon Kvisli	(på valg)
Sportslig leiar :	Dag Steinar Ragvin	(på valg)
Styremedlem:	Synne Kleiven	(på valg)
Styremedlem:	Bjørn Steen	(ikkje på valg)
Styremedlem:	Dag-Øyvind Olsen	(ikkje på valg)
Kartansvarleg:	Per Chr. Hagen	(ikkje på valg)
Valkomitè:	Jon Solberg	(på valg)
	Eivind Frode Rinde	
Revisor:	Lars Sanden og Trude Harstad	
Web-ansvarleg:	Jon Kvisli	

Styret har hatt 2 styremøte i løpet av 2017, i tillegg kjem eit møte med banken om sponning av klubben.

Medlemstal og økonomi

Medlemstalet har gått opp frå 114 i 2016 til 125 i 2017.

Regnskapet viser eit minimalt overskot på 110 kr i 2017, mot eit budsjettert underskot på 20.500. Tilskotet til Breisåskartet frå Sparebankstiftelsen er inntektsført i 2017 men skal dekke kartkostnader i 2018. Det reelle resultatet for 2017 er derfor eit underskot på 24.890 som er ca. 5000 svakare enn det vi budsjetterte med. Bø o-lag har ein eigenkapital på 317.903 kr pr. 31.12.2017.

Heimeside og Facebook.

Bø o-lag har både heimeside og profil på FB. Heimesida www.boolag.org , som Jon Kvisli er ansvarleg for, inneheld informasjon om resultat og strekktider frå alle treningsløp. Både på FB og heimesida blir det lagt ut informasjon om kva som skjer i og rundt Bø o-lag. På FB kan også medlemmane sjølv legge ut kommentarar og bilete dei vil dele med resten av klubben.

Rekruttering i Bø o-lag

Rekruttarrangementet *Råtassen* har blitt arrangert i 2017. Dette er eit opplegg spesielt tilrettelagt for nybegynnarar. Me hadde to råtass-løp: Bø skule 29. mars med 36 deltakarar og ved Gullbring/Høgskulen 5. april med ca. 40 deltakarar.

I N-løypa stara det 151 i vårhalvåret og 144 i hausthalvåret. Til saman 295 startar. I tillegg løp 25 speidarar det siste løpet om hausten. I tillegg har det vore bra oppslutning om C-løypa denne sesongen.

Mai 2017 blei det arrangert O-troll leir på Folkestad skule. Her deltok til saman 37 barn. 10 av desse frå Bø O-lag. Resten av deltakarane var frå Notodden, Skien, Sandefjord og Stokke. Leiren hadde to organiserte treningar laurdag og blei avslutta med løp på kretsløpet ved Telemarkshallen 14. mai. Me har fått gode tilbakemeldingar på opplegget og med økonomisk støtte frå kretsen gjekk denne leiren i pluss økonomisk. Takk til dei som hjalp til med denne leiren!

Større arrangement (av Dag Steinar Ragvin)

Kretsløp frå Telemarkshallen søndag 14. mai

234 deltok. 28 av desse var frå Bø. Resten frå andre stader i Telemark og Vestfold. Steinar Lande var løypeleggjar og løpsleiar. Været var fint og folk virka fornøgd. Tusen takk til dei som hjalp til!

Sportsleg aktivitet (av Dag Steinar Ragvin)

Treningsløp

19 treningsløp vart arrangert på onsdagar. Inkludert i desse var 4 haustsprintløp. I tillegg vart det arrangert klubbmeisterskap ein helg i september. Desse klubbløpa hadde totalt 926 startar, 46 i gjennomsnitt pr. løp. Deltakinga har variert frå 15 til 77. Tala er gode, slik dei også har vore dei siste åra:

- 2013: 720 startar i 20 løp; i snitt 36 pr. løp
- 2014: 860 startar i 21 løp; i snitt 41 pr. løp
- 2015: 725 startar i 20 løp; i snitt 36 pr. løp
- 2016: 755 startar i 20 løp; i snitt 38 pr. løp
- 2017: 926 startar i 19 løp; i snitt 46 pr. løp

257 personar deltok ein eller fleire gonger. Ein viktig årsak til gode tal er truleg sesongstart med rekruttløp rundt påsketider ved Bø skule og Gullbring, men også marknadsføring av rekruttløpa og treningsløpa i Bø blad tidleg. Val av stad/terreng har også mykje å seie. Vi la ekstra ressursar i dei 3 fyrste løpa med eigne rekruttansvarlege. Tusen takk til alle arrangørar!

Treningar

I både vår- og haust var det treningar for barn måndag ettermiddag kl. 15:00 – 16:00 frå Breisås studentheim. Jon Solberg var trenar i vårsesongen, Dag Steinar Ragvin i haustsesongen. 5 – 10 barn deltok om våren. Om hausten deltok 4 – 5 barn. Dei fekk prøve seg på stjerne-o, o-bingo, poeng- o, vegval, korte stafettar, henge ut postar etc. Som avslutning på dette tok me ein sosial klubbtur til Porsgrunn City Race og Skien Fritidspark med badeland og pizza.

Klubbmeisterskap

Klubbmeisterskapet blei arrangert søndag 3. september frå Trytetjønn på Folkestadåsane. Arrangementet var felles med Kom deg ut – dagen til Bø turlag. Dette var vellykka. 50 deltok. Følgjande blei klubbmeistrar:

D-12	Lena Haugen, Ida Haugen og Sofie Haugen
H-12	Johnny Stålberg Fossland
H13-14	Olav Bratland Solberg
D15-	Elisabeth Bratland Solberg
H15-	Dag Steinar Ragvin
D50-	Gyrid Kvåle
H50-	Jon Kvisli
D65-	Margit Ryen Steen

Kretsmeistrar og medaljar i KM

Individuelt

D15-16:	Elise Støren	Sølv langdistanse
H21:	Lars Steinar Hefre	Sølv langdistanse
H21:	Eivind Romberg Kvåle	Bronse langdistanse
H21:	Steinar Lande	Bronse nattorientering
D70:	Margit Ryen Steen	Kretsmeister langdistanse og mellomdistanse
D75:	Inger Lise Solberg	Kretsmeister mellomdistanse og sprint
H60:	Per Christian Hagen	Kretsmeister sprint

Stafett 27. august Botne

H17: Gull til Bø o – lag (Eivind Romberg Kvåle, Dag Steinar Ragvin, Lars Steinar Hefre)

Resultat frå nasjonale meisterskap og liknande

NM stafett 10. september Halden

62. Bø o – lag (Lars Steinar Hefre, Sigve Botnen, Dag Steinar Ragvin) i klasse H17

Andre NM

NM langdistanse Halden:	51. Dag Steinar Ragvin	H21
NM ultralangdistanse Samnanger:	25. Dag Steinar Ragvin	H21
NM nattorientering Kristiansand:	48. Dag Steinar Ragvin	H21

Veteranmeisterskapet sprint Rauland 18. august

20. Jon Kvisli	H55
15. Per Christian Hagen	H60
43. Arne Lande	H70

Veteranmeisterskapet langdistanse Rauland 19. august

11. Steinar Lande	H45
35. Jon Kvisli	H55
21. Per Christian Hagen	H60
23. Bjørg Mostaul	D65
49. Hallvard Myrvoll	H70
52. Arne Lande	H70

7. Inger Lise Solberg	D75
32. Olav Solberg	H75

Veteranmeisterskapet mellomdistanse Rauland 20. august

11. Steinar Lande	H45
33. Jon Kvisli	H55
24. Gunn Botnen	D60
22. Per Christian Hagen	H60
24. Jarle Botnen	H60
17. Bjørg Mostaul	D65
54. Arne Lande	H70
59. Hallvard Myrvoll	H70
7. Inger Lise Solberg	D75
33. Olav Solberg	H75

Anna

Antal deltakarar frå orienteringslaget i nokre andre løp:

Bølløpet	28
Sørlandsgaloppen:	22
Drangedalsløpet	16
Nord Jysk Danmark i mars	16
Porsgrunn City Race	13
Rauland	12
KM – helg Botne:	12
IL Hauken jubileumsløp	9
Pinseløp Kongsberg	8
Vårløp Larvik	7
Hjalmarløpet	7
Vårløp Porsgrunn	6

Elise Støren fekk gode plasseringar i MOT – TV – cupen, ungdomscupen for løparar i Telemark og Vestfold.

Klubben deltok også i år i den stemningsfulle natt- og dagstafetten Night Hawk på seinsommaren. I år på Eggemoen ved Hønefoss. Fem Bø-løparar utgjorde eit lag i klassa Night Hawk Men.

Klubbturear

Nord Jysk 2-dagars i Danmark 10-12. mars. 18 personar var med på turen.

Porsgrunn City Race i Brevik og Skien Fritidspark med badeland og pizza 30. september. 16 personar var med på turen.

Kartarbeid 2017 (Per Christian Hagen)

På styremøtet 3. oktober blei det vedteke å sette i gang arbeid med revisjon og utviding av Breisås-kartet.

Det er for det fyrste ei revisjon av eksisterande kart frå byggefelta og oppover i liene, dvs. det gamle kartet unntatt Røysdeilåsen og området rundt Åstjønn. Arealet er ca. 3 km². Anders Fossøy synfarte ca. 2.5 km² allereie hausten 2017. Dette har Jon Kvisli reinteikna, og området er klart til bruk med nyrevidert kart til våren.

For det andre er det planlagt ei utviding av Breisåskartet (nærmiljøkart Breisås Sør) sørover som vil dekke området mellom Midling-løypa og Røegrenda. Her og er arealet ca. 3 km². Anders vil synfare og reinteikne dette kartet etter at revisjonen av eksisterande kart er fullført.

Begge kartprosjekta er melde til Telemark o-krets, og for begge prosjekta er det søkt om spelemidlar. Bø kommune har prioritert Breisås Sør på fyrste plass blant søknadane frå kommunen til nærmiljøanlegg. Det er derfor gode sjansar for å få spelemidlar til dette kartet i 2018, mens midlar til revideringa antakeleg kjem fyst i 2019. Tabellen under syner nøkkeltal for budsjettet til dei to kartprosjekta.

	Revisjon eksisterande kart	Nytt kart Breisås Sør
Total kostnad	68 500 kr	110 500 kr
Spelemidlar (søknadssum)	34 000 kr	55 000 kr
Dugnad	21 000 kr	15 500 kr
Eigenkapital	13 500 kr	40 000 kr

Bø o-lag har dessutan mottatt 25 000 kr frå stiftelsen til Sparebanken Din til kartarbeid i Breisås. Det betyr at o-lagets netto kostnad for dei to kartprosjekta er anslått til 13 500 kr + 40 000 kr – 25 000 kr = 28 500 kr.

Det blei gjort ein god del hogst på Folkestadåsane rett før kretsløpet i mai. Jon Kvisli synfarte og teikna inn dei nye hogstane, slik at kartet blei oppdatert til kretsløpet.

Materiell og utstyr

I 2017 har vi kjøpt inn følgande nytt materiell:

- 17 stk. EKT posteiningar
- 2 stk. poststativ i aluminium
- 4 stk. kodebrakettar til poststativ
- 10 stk. postskjermar m/innsydd refleksdiagonal
- 1 stk. EPR3 termisk strekktidskrivar til MTR4
- 1 stk. liten førstehjelpspakke
- 5 stk. kompass for utlån

To gamle EKT posteiningar er kassert, og det er svinn på 3 andre i løpet av sesongen.

Laget har nå følgande EKT- og postutstyr:

- 2 stk. MTR4 avleser for EKT-brikker
- 3 stk. ETP3 termisk strekktidskrivarar (1 er ustabil)

28 stk. EKT-løparbrikker til utlån
66 stk. EKT posteiningar på aluminiumsbukkar (64 ulike koder)
39 stk. EKT posteiningar i snor til treningsløp
3 stk. EKT starteiningar (kode 0)
4 stk. postbukkar i tre (Ein har to EKT posteiningar med kode 100)
47 stk. postskjermar til terminfesta løp
41 stk. postskjermar til treningsløp
22 stk. nattløpsmarkørar m/ farga refleks

Avslutningsfest på Bø ungdomskule

Det er blitt ein tradisjon å avslutte o-året på Bø ungdomskule. Medlemmer i alle alder møter opp. November 2017 var me ca. 40 stk. på denne kvelden. Kvelden byr på pizza, quiz, o-løp, lotteri og premiar til dei yngste i laget. Premiar til lotteri og dei unge håpefulle er frå lokale sponsorar. Dette er ein hyggeleg kveld – takk til dykk som arrangerer!

Styret takkar medlemmer og andre som har stilt opp for Bø o-lag i året 2017.

Bø 5. februar 2018.

For styret, sekretær: Tone Nilsen